

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 10.06.16
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Laila Nemeth

SAKA GJELD: **Bygg Haugesund 2020**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **038/16**

STYREMØTE: **17.06.16**

Administrerende direktør si orientering pkt. 7

Orientering om mobilitetsplan og parkering

Overordna teknisk program(OTP) som blei utarbeida i konseptfasen tilhøyrande Bygg Hgsd 2020 bygger på nasjonale, regionale og lokale føringar knytt til blant anna parkering. Spesielt gjeld dette rapport for «Miljø- og klimatiltak innan bygg og eiendomsforvaltninga i spesialisthelsetenesta – Prosjektrapport II 2012» med revisjonar, som er vedteken i styret i Helse Vest.

Det er på bakgrunn av dette lagt følgjande føringar for parkering i overordna teknisk program (OTP):

- *Ved tilrettelegging av parkering skal pasienter og pårørende som er avhengig av bil som transportmiddel prioriteres*
- *Parkeringsdekning for ansatte skal tilstrebes begrenset i henhold til miljøkrav om redusert klimagassutslipp.*
- *Det skal være et tilstrekkelig antall merkede HC-plasser ved de mest sentrale inngangene.*
- *Inn- og utkjøring til parkeringsareal må ikke øke risiko for kryssende trafikk og/eller fotgjengerskader i forhold til offentlig transport og ambulansetrafikk.*
- *Parkering for ansatte må tilrettelegges på en slik måte at den blir tildelt etter behovsvurdering, og at en tilrettelegger for «grønne» transportalternativ.*
- *Det skal etableres låsbart og overdekket sykkelparkerings areal nær hovedinngang og hensiktsmessig plassert sykkelparkering for tilsette*
- *Det skal etableres garderobeforhold som møter økt behov for sykkeltransport for ansatte*

I samband med planlegging av ombygging av Haugesund sjukehus skal det utarbeidas ein reguleringsplan for sjukehustomta. Det er og krav til utarbeiding av ein mobilitetsplan i samband med dette arbeidet.

Føremålet med ein mobilitetsplan kan defineras som «å fremme innsats som blir gjort for å tilby byggets brukarar fleire reisealternativ, for å unngå at brukarane blir avhengige av reisemåter med størst miljøbelastning» (BREEAM NOR). Mobilitetsplanlegging handlar om organisatoriske og enkle fysiske tiltak for å avgrense bilbruken for å påverke holdningar og reiseåtfærd.

Som ein del av arbeidet med mobilitetsplan er det gjennomført ein reisevaneundersøking (RVU) for sjukehuset som er ein del av grunnlaget for mobilitetsplanen for framtidig transport til og frå sjukehuset.

Her vert presentert nokre hovudfunn frå reisevaneundersøkinga:

- 61% av dei tilsette (49 % om sommaren) køyrer bil til jobb ved Haugesund sjukehus
- Mange tilsette har kort reiseveg til sjukehuset. 40 % oppgjer at dei bor mindre enn 5 km frå sjukehuset og ca. 66 % har 10 km eller kortare til jobb.
- 40 % av dei som bor mindre enn 4 km køyrer bil til jobb/bilpassasjer, 28 % går, 29 % sykklar. Når avstanden er mellom 5 og 10 km er det 80 % som køyrer bil/bilpassasjer, 9 % tar buss og 10 % sykklar.
- 60% av dei tilsette har mindre enn 0,5 km til næraste busstopp
- 50% brukar 16-30 min med buss, 29 % har aldri tatt buss til jobb.
- Dei som køyrer bil, forklarar valet av transportmiddel med at det er raskaste og enklaste løysing, at det er manglande kollektivtilbod ved bustad, og at dei er avhengige av å køyre familie.
- Eit fleirtal av dei tilsette er positive til å køyre mindre bil til jobb (63 %). Berre 15 % seier at dei er negative til å køyre mindre bil til jobb. 22 % er verken for eller imot

Punkta ovanfor syner at det ligger godt til rette for å endre dagens reisevaner til meir miljøvennlege transportformer. For å få til ein nødvendig endring i reisevaner må det fokusast på holdningar og bevisstgjering, samstundes som det må gjerast enklare å velje eit miljøvennleg alternativ.

Organisasjonsutviklingsprosessar blei starta opp vinteren 2016 som ein del av konseptfasen, mellom anna «prosjektgruppe OU parkering». Dei har levert sin rapport frå arbeidet. Det har vært ei brei samansett gruppe med representantar frå dei tilsette, verneombod, tillitsvalde, brukarrepresentant, HR og kommunikasjonseininga.

Gruppa har i sin rapport anbefalt fleire tiltak på kort og lengre sikt, som vil sikre at føringane knytt til parkering vil kunne oppfyllest. Nedanfor er ei oppsummering av dei tiltaka som er anbefalt:

- Omfordeling av parkeringsplassar frå tilsette til pasientar og besøkande ved at heile parkeringshuset i nord vert reservert pasientar og besøkande allereie i 2016. Dette vil saman med tilgjengelege plassar for bevegelses hemma framfor hovudinngang dekke behovet lagt i mobilitetsanalysen fram til 2040. Det må sikras god informasjon om tiltaket til dei tilsette og ein forutsigbar prosess.
- Det er lagt forslag om resten av parkeringskabalene (vakthavande, ambulant, eksterne, taxi med fleire)
- Auke i talet på sykkelparkeringsplassar til nivå med behov lagt i mobilitetsanalyse.
- Helse Fonna gjennomfører ei motivasjonskampanje for å auke talet på gåande /syklende. Prosjektgruppa har utarbeida nokre historier som syner fordelar for Helse-Økonomi-Miljø dersom en vel meir gange/sykkel/buss som ein kan nytta i kampanjen. Kampanjen bør gjelde for heile Helse Fonna
- Helse Fonna forhandlar fram gunstige prisar for Helse Fonna tilsette på sykklar, regntøy, treningstøy, joggesko mm. Tiltaket bør omfatte heile Helse Fonna
- Helse Fonna går i dialog med Kolumbus for å få billigare busskort til dei tilsette som bor utanfor nærsone
- Helse Fonna sikrar at busstilbodet i distriktet vert gjort kjent for dei tilsette.
- Helse Fonna sikrar at samkjøringsapp, sykkelapp og bussapp vert gjort kjent for dei tilsette og tilrettelegg for enkel oppstart.
- Helse Fonna arrangerer sykkeldagar og konkurransar som stimulerer til auka sykling. Tiltaket bør gjelde heile Helse Fonna
- Det bør bli vurdert tilbod om leiesykkel frå sentrale parkeringsplassar ved overgangar til nærsone
- Dei nye garderobefasilitetane i nybygg vert tilrettelagd for dei som går og sykklar. Dette omfattar tilstrekkeleg dusj og garderobar samt tørkeskap for vått tøy.
- Det vert innført behovskriterier for parkeringskort ved Haugesund sjukehus/BUP. Gruppa anbefalar at desse vert innført frå januar 2017
- Prisen for parkeringskort ved Haugesund sjukehus/BUP vert auka til 350 kr pr måned. Gruppa anbefalar at dette vert innført frå januar 2017.
- Gruppa anbefalar ei evaluering av effekt av dei ulike tiltaka etter eit år.

Behovskriterier:

Helse Fonna har i dag ingen kriterier ved tildeling av parkeringskort ved Haugesund sjukehus. Gruppa har sett på praksis ved andre helseføretak, og ser at det ved for eksempel Helse Stavanger og Helse Bergen er innført strenge kriterier for tildeling av parkeringskort.

Gruppa anbefalar at følgjande behovskriterier vert lagt til grunn ved tildeling av parkeringskort ved Haugesund sjukehus/BUP:

1. *Medarbeidere med legeerklæring om behov for å kjøre bil til jobb.*

2. *Medarbeidere med barn som er 8 år eller yngre (gjelder ut det kalenderåret barnet fyller 8 år).*
3. *Medarbeidere som bor utenfor bynær sone (se kart) som ikke har tilpasset kollektivtransport til arbeidstid eller har over 30 min reisetid med kollektiv transport.*
4. *Kjøp av parkeringskort er likevel ingen garanti for ledig parkeringsplass.*

Prosjektgruppa sin rapport vart gjennomgått i styringsgruppa 08.juni 2016,og administrerende direktør ynskjer å følgje opp prosjektgruppa si anbefaling om å resevere heile parkeringshus i nord til pasientar og besøkande hausten 2016. Administrerende direktør har difor gått i dialog og drøfting med foretakstillitsvalde, hovudverneombod og informert AMU om dette. Tiltaket vil bli iverksett frå 01.09.2016.

Det vil verta utarbeidda ein plan for iverksetting av dei andre tiltaka i rapporten.